

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.

Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte og talerett i forumet.



PROTOKOLL

OMFRAMT ÅRSMØTE 16. januar 2012

Møtestad: Dr. Holms Hotel, Geilo

Tidspunkt: Måndag 16. januar 2012 kl 11.20 – 14.15

I starten av møtet vart det servert kaffi/mineralvatn og smørbrød. Midt i møtet var det kort kaffipause med wienerbrød.

Medlemmer tilstades på årsmøtet:

- Hordaland fylkeskommune: Fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes
- Bergen kommune: Byråd for byutvikling, klima og miljø Filip Rygg
- Vaksdal kommune: Ordførar Eirik Haga
- Voss kommune: Ordførar Hans Erik Ringkjøb
- Aurland kommune: Ordførar Noralv Distad
- Hol kommune: Ordførar Tony Kjøl
- Ål kommune: Ordførar Ivar Brevik
- Nes kommune: Ordførar Tor Magnussen
- Flå kommune: Ordførar Tor Egil Buøen
- Ringerike kommune: Utviklingssjef Lars Olsen
- Hole kommune: Ordførar Per Berger
- Buskerud fylkeskommune: Leiari for Hovudutvalet for samferdselssektoren Trond Johansen

Forfall: Ulvik kommune og Bærum kommune hadde meldt forfall.
Akershus fylkeskommune og Gol kommune var heller ikkje til stades.

Frå observatørane:

- LO (NJF) Buskerud Eystein L. Kristiansen

Andre som var til stades:

- Regiondirektør Lars Christian Stendal Jernbaneverket.
- AU-medlem Gunn Berit Lunde Aarvik Medlem av AU fram til val av nytt.
- Leiar og AU-medlem Torleif Dalseide Leiar og medlem av AU fram til val av nytt.
- Jan-Halvard Brekko Prosjektleiar og sekretær i FNB.

Journalist A. O. Lindahl frå avis Hallingdølen var innom delar av møtet.

Regiondirektør Lars Christian Stendal held innlegg og presentasjon med tittelen *Utfordringer for jernbanen i vest*.

Møteinkalling og saksliste vart godkjent.

Møteleiar Torleif Dalseide foreslo å handsame sakene i anna rekkefølgje enn dei var nummerert og årsmøtet slutta seg til det. Saken var difor handsama i denne rekjkjefølgja: Sak 03/12, Sak 01/12, sak 04/12 og sak 02/12.

Ringerike kommune ved Lars Olsen foreslo at årsmøtet skulle sende uttale til rapporten *Hovedutfordringer for norsk Jernbane*. Ringerike kommune hadde laga forslag til uttale som årsmøtet samråystes slutta seg til. Uttalen vart handsama før sak 02/12. Uttala ligg bak sakene i protokollen.

Sak 01/12

KORLEIS SKAL FORUM NYE BERGENSBANEN ARBEIDE DEI NÄRASTE ÅRA OG
KOR MYKJE RESSURSAR SKAL BRUKAST (Jfr sak 4 på årsmøtet 7. juni 2011).

Mona Haugland Hellesnes, Hordaland fylkeskommune, foreslo eit nytt punkt i tillegg til det utsendte forslaget:

Prosjektplan/arbeidsplan skal godkjennast på politisk nivå i medlemskommunane innan sommaren 2012.

Vedtak (samråystes):

- Forum Nye Bergensbanen etablerer ei ny periode med tilsett prosjektleiar for å jobbe for forbeting av Bergensbanen i samsvar med vedtekten til forumet.
- Stillingsstorleiken skal vera minst 50% og perioden skal i fyrste omgang vare fram til 31. desember 2013.
- Arbeidsutvalet får fullmakt til å tilsetja prosjektleiar, syte for dei praktiske avklaringane som må gjerast, utforme prosjektplan/arbeidsplan for perioden og finne fram til hensiktsmessig kontorplassering.
- Prosjektplan/arbeidsplan skal godkjennast på politisk nivå i medlemskommunane innan sommaren 2012.
- Det er eit ynskje å involvere fylkeskommunane enda sterkare enn tidlegare i det praktiske arbeidet for Bergensbanen.
- Arbeidet i komande prosjektperiode må i tillegg til det politiske samarbeidet styrke det administrative samarbeidet mellom fylkes kommunane og kommunane når det gjeld spørsmål om Bergensbanen. Det blir spesielt viktig å involvere kommunane Bergen og Ringerike i dette arbeidet.

Sak 02/11

VAL (jfr sak 6 på årsmøtet 7. juni 2011).

Torleif Dalseide og Gunn Berit Lunde Aarvik frå det gamle arbeidsutvalet hadde fungert som valnemnd og førebudd valet.

Vedtak (samrøystes):

AU-utval FNB

Leiar:

Mona H. Hellesnes, V,

Nestleiar:

Kjell B. Hansen, AP,

Medlem:

Hans Erik Ringkjøb, AP,

Medlem:

Filip Rygg, Krf,

Medlem:

Trond Johansen, Krf,

Hordaland fylkesk

Ringerike kommune

Voss kommune

Bergen kommune

Buskerud fylkesk

Personlege varamedlemmar

Tom-Christer Nilsen, H, Hordaland fk

Tony Kjøl, H,

Hol kommune

Eirik Haga, AP,

Vaksdal komm

Dag Inge Ulstein, Krf,

Bergen kommu

Anne Sandum, AP

Buskerud fk

Sak 3/11

PROSJEKTRAPPORT

Vedtak (samrøystes):

Årsmøtet tek prosjektrapporten til orientering.

Sak 4/11

KVU RINGERIKSBANEN

Vedtak (samrøystes):

Det vart informert om saka.

Med bakgrunn i den informasjonen, og informasjonen fra Lars Chr Stendal i innlegget sitt og at prosjektleiar hadde vore i kontakt med sakshandsamar i Samferdselsdepartementet rett før møtet vart ikkje saka realitetshandsama.

Samrøystes uttale frå møtet sendt til Samferdselsdepartementet same dag:

Hovedutfordringar for norsk jernbane – Rapport frå arbeidsgruppe om vidare utvikling av norsk jernbane

Forum Nye Bergensbanen (FNB) samlet til ekstraordinært årsmøte 16. januar 2012 ønsker å gi følgende uttalelse til rapporten *Hovedutfordringar for norsk jernbane*:

FNB mener at den framlagte rapporten beskriver hovedutfordringene for norsk jernbane på en korrekt og god måte, og slutter seg til rapportens anbefalinger.

FNB mener at norsk jernbane har vært underfinansiert i svært lang tid. Dette gjelder både drift og investering. Det er derfor et sterkt behov for høyere bevilgningsnivåer og mer stabil og forutsigbar finansiering av større jernbaneprosjekt.

Postadresse

Forum Nye Bergensbanen
Regionrådet, Torget 1
3570 Ål

Heimeside

www.nyebergensbanen.no

Prosjektleiar

telefon: 95 04 95 52
epost: janhalvard.brekko@hallingnett.no

FNB har med stor interesse merket seg at det tas til orde for å utrede alternativ finansiering og organisering, og at Ringeriksbanen omtales spesielt som et prosjekt som kan egne seg for slik alternativ organisering. Etablering av utbyggingsselskap slik Buskerud fylkeskommune har tatt initiativ til, kan sikre forutsigbar finansiering og kostnadseffektiv utbygging.

FNB har også merket seg at den raskeste høyhastighetstraseen mellom Oslo og Bergen går via Hønefoss og Hallingdal. Dersom Stortinget beslutter utbygging av høyhastighetsbaner, vil Ringeriksbanen derfor kunne utgjøre første byggetrinn på en slik bane fra Oslo til Bergen.

FNB forventer at besluttende organ fatter vedtak slik at arbeidet med å realisere Ringeriksbanen nå kommer i gang.

Etter sakslista:

Etter sak 02/12 som vart handsama som siste sak, tok nyvald leiar Mona Haugland Hellesnes over leininga av forumet og takka det gamle arbeidsutvalet for innsatsen med ei symbolsk liten gåve, eit Bergensbanekrus med biletet frå Finse i det eit NSB tog type 73 kjem ut frå Finsetunnelen, fotografert av S. Ulvund. På andre sida av kruset er logoen til Forum Nye Bergensbanen.

Rotneim, 17. januar 2012

Jan-Halvard Brekko
Prosjektleiar/sekretær